



Tor Vidar Sæle er attende som KV-sjef 1. mars

Uskedeling og leiar for Kvinnherad Vekstbedrift Tor Vidar Sæle kjem attende til denne jobben etter å ha vore nestsjef for Flesland Lufthamn i eitt år. Han hadde permisjon frå KV for ein treårsperiode. Broren Asbjørn har leia bedriften når Tor Vidar har vore i Bergen. Sjefsskiftet ved KV vil skje 1.mars. Styreleiar Asbjørn Skår opplyskar til Kvinnheringen at Tor Vidar hadde ein klausul om at han kunne

komma attende i den tidlegare jobben før permisjonstida var ute dersom den var ledig før den tid. Asbjørn Sæle har sagt opp stillinga 30. januar.

KV har 8 tilsette, sysselset 30 ykeshemma arbeidstakarar og har fleire APS-plassar.

Tor Vidar Sæle fekk jobben på Flesland i konkurranse med 80 søkjarar. Som operativ sjef var han berre underlagt lufthamnsjefen. Han hadde ansvaret for driften og alt som skjedde på terminalen.

Det har ikkje lukkast uskedalen.no å få kontakt med nokon av dei for ein kommentar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen